

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

Kapittel X

MOGLEGE INNSKRIFTER

a. Runeliknande teikn

Frå gravingane i Folkebibliotekstomta og i Kjøpmannsgata har det i tillegg til gjenstandane med runeinnskrifter vorte registret fleire gjenstandar med rissingar som må klassifiserast som runeliknande teikn snarare enn som tilfelleleg krot. Det er i alt 8 slike innskrifter i materialet frå Folkebibliotekstomta. For alle gjeld det at dei har einskildteikn, ofte oppatttekne fleire gonger, som vil kunna identifiserast med runer, men innskriftene som heilskap verkar å vera gjorde av rissarar som ikkje kan skriva med runer.

To av innskriftene (N-26379 og N-39374) finst på tilverka bruksgjenstander av tre, den første på eit avbrote (sverd)handtak (leike?), den andre på ein høvel. Dei resterande 6 er å finna på meir eller mindre bearbeidde trekjevle og tilfellelege trefliser. Ordna kronologisk etter arkeologisk datering av funnkonteksten dreiar det seg om følgjande ni funn (tidlegare omtala: Hagland og Lorentzen 1997:62-76):

N A151

[1] *N-26379*. Avbrote handtak til tresverd, 120 mm langt, 14-43 mm breitt og 11 mm tjukt. Det er teikn på ei side:

Gjenstanden vart funnen i 1975, felt FA, hovudfase 8, som er arkeologisk datert til perioden mellom første og siste kvartal av 1200-talet.

N A185

[2] *N-39374*. Avbroten høvel, 187 mm lang, 35 mm brei og 34 mm høg. Det er teikn på ei side.

Gjenstanden vart funnen i 1976, felt FF, hovudfase 3, som er arkeologisk datert til tida frå slutten av 900-talet til midten av 1000-talet.

[3] *N-64300*. Fragment av snorlebein, 51 mm langt, 10-14 mm breitt i eine enden, 8-9 i andre. Det er svake, skarpt rissa, jamne stavliknande tein på ei side.

Gjenstanden vart funnen i 1979, felt FX, hovudfase 6, som er datert arkeologisk til tredje kvartal av 1100-talet.

[4] *N-77113*. Ubearbeidd treflis, 120 mm lang og 19 mm brei på det breiaste. Det er teikn på ei side:

Gjenstandden vart funnen i 1981, felt FG, hovudfase 7, som er arkeologisk datert til første halvdel av 1200-talet.

[5] *N-77338*. Pinne el. kjevle, tilskore i ein ende og avbrote i den andre. Lengd 187 mm, tverrsnitt 14 x 6-8 mm. Det er teikn på ei side:

Gjenstanden vart funnen i 1981, felt FG, hovudfase 7.

[6] *N-77614*. Firkanta kjevle, tilspissa i den eine enden, 112 mm langt, tverrsnitt 13 x 14-15 mm. Det er teikn på ei side:

Kjevlet vart funne i 1981, felt FG, hovudfase 6, som er arkeologisk datert til tredje kvartal av 1100-talet.

[7] *N-93231*. Tilsmidd kjevle av tre, 183m langt med tverrsnitt 17-35 x 17 mm.

Det er teikn på ei side:

Kjevlet vart funne i 1985, felt FU, hovudfase 3.

[8] *N-93649*. Treflis, 109 x 31 x 7 mmm. Det er teikn på ei side:

Gjenstanden vart funnen i 1985, felt FU, hovudfase 3.

[9] *N-93773*. Trebit, 401 mm lang, tverrsnitt 43 x 12 mm. Det er teikn på ei side:

Gjenstanden vart funnen i 1985, felt FU, hovudfase 3.